

Ivar Aasen

Norsk maalbunad

Samanstilling av norske ord
etter umgrip og tyding

Skrive 1876
Utgjeve i Oslo 1925

Framsida
Føreord (1997)
Innleiing av Sigurd Kolsrud

Alfabetisk utgåve

Elektronisk utgåve
Det Norske Samlaget
Oslo 1997



NORSK MAALBUNAD

SAMANSTILLING AV NORSKE ORD
ETTER UMGRIP OG TYDING

AV
IVAR AASEN

OSLO
DET NORSKE SAMLAGET
1925

FØREORD (1997)

Norsk maalbunad er det største verket av Aasen som ikkje vart gjeve ut i levetida hans. Det innbundne manuskriptet vart funne i papira etter Aasen, og Sigurd Kolsrud stod bak utgjevinga i 1925. Kolsruds **Innleiding** er svært opplysende for den som vil vita meir om denne forvitnelege ordboka. 1925-utgåva kom i fotografisk opptrykk i 1975.

Denne elektroniske utgåva byggjer på bokutgåvene, og sidenummereringa (frå og med Innleiding) er den same. Typografien følgjer òg bokutgåvene, men sperra skrift er her gjort om til kursiv. Den einaste store skilnaden er at dei alfabetiske regisstra bak i boka ikkje er tekne med. I staden er det laga ei fullstendig **alfabetisk utgåve** av heile boka.

Norsk maalbunad er skanna og korrekurlese ved Dokumentasjonsprosjektet, Universitetet i Oslo.

Oslo, januar 1997

Oddmund Løkensgard Hoel

INNHALD

	Side
Innleiding	V–XII
Samling af Synonymer og Ord som i Betydningen staae nær ved hinanden (1843)	XIII–XVI
Norsk Maalbunad	1–231
Plan til Avdeilding og Samanstilling	3– 8
A. Frumverket (I–IX)	9– 59
B. Emne (X–XV)	59–99
C. Umstøda (XVI–XXI)	99–147
D. Mannsfora (XXII–XXX)	148–219

INNLEIDING

Arbeidet med ei logisk eller systematisk samanskaring av alle norske ord etter deira ulike tyding har fylgt Ivar Aasen gjennom meir enn 30 aar. Det heng i hop med mange andre av hans granskingar og tiltak, og det tér godt fram eit grunndrag i givnaden hans. Han har havt ei serskild evne til aa rada umgrip saman, til aa skilja og skipa ovrингane i tankerekkjor, og til aa fylgja desse rekkjone gjennom ordi, gjennom nemningane. Heile ordfanget fylkar seg hjaa honom i tydings-ætter, i flokkar av ord under ulike hovud-emne. Dette logiske draget kjem godt fram i dei alfabetiske ordbökene med dei klaare og visshøve uttydingane. Men det er og synbert i maallæra hans, der ordformene likso mykje er utgreidde med umsyn til tyding, med tanke paa deira verd for umgrips-skiljingi, – som etter upphav. I dikt og lærestykke er nemningane tekne med ein merkeleg kunnskap um samhøvet millom tankeheimen og ordriket, millom sak og namn. Han gjekk ikkje berre etter umsynet til jamvekt og velklang, han var god økonom òg. Ordi skulde nyttast rett og vel, dei var merke paa tankar, til aa skilja umgripi og kjenna dei att paa. Og for landsmaalet var det mykje um aa gjera at det var ord nok til dei emne som kjem fram i eit skriftmaal, nemningar til dei tankar som er samla i eit høgare aandsliv.

Røtene til Norsk Maalbunad kann me fylgja langt attende. Naturgranskingane hans i 1830-aari var ei god fyrebuing; han sette daa upp fleire systematiske listor paa dyr- og voksternamn, og han skriv upp andre nemningar med. Han lærde seg til aa tenkja greidt og sjaa røynslone fraa aalmennelege synsstader. Greidspapir og plan er det i alt han tek seg fyre. Det sermerkjer hans første grammatikalske arbeid, og me finn i ordtøkesamlingane hans fraa denne tidi ein skipnad med samanføring under visse hovudemne (kunster, arbeid, rikdom, armod o. s. b.). Daa han tok til aa granska bygdemaali og setja upp ordbok, var det greidt aa fylgja ulike greiner av livet, der nemningane høyrde i hop. Det finst eit lite hefte etter honom, med overskrift Navne paa adskillige Ting; der har han – venteleg sist i 1830-aari – teke til aa skriva upp ord som fylgjest aat i bruk, soleis

namn paa hus og reidskapar, ord fraa laaven og stabburet, for mat og dyr og anna. Sidan (1842–43?) har han auka med ord for slikt som Legems Udseende, Bopæl og Næring, Sindets Bevægelser og Tilstande, Dyr Legemer, Stemme, Sygdomme og so burtetter.

Paa ein maate heng Norsk Maalbunad i hop med det aalaget han fekk i 1842 av vitskapslaget i Trondheim aa laga ogso ei dansk-norsk ordbok (sjaa Syn og Segn 1902 s. 468). Han visste at dei norske ordi kunde ha fleire tydingar, og jamvel skifta mykje i bruk fraa bygd til bygd; til fleire nærskyldne umgrip kunde det svara eitt ord i dansk. Difor vart det turvande aa samla ordi etter emne, so ein kunde ha oversyn og vita det rette samhøvet millom dei. Ordsamskiping etter tyding vart daa ei fyrebuing til den dansk-norske ordboki, og heile tidi sidan heldt han fast ved det at slike granskingar var eit naudsynlegt grunnlag for arbeidet med aa finna raakande umsetjingar til danske (framande) ord. Men etter kvart har denne samanskaringi vakse fram til eit sjølvstendigt verk.

Det fyrste tiltaket finn me fraa tidi etter han var ferdig (januar 1843) med ordboki for Sunnmøre, Nordfjord og Sunnfjord. Daa sette han upp ei liti systematisk ordliste. Det som fekk han til aa gjera det, var vel skyldt det som dreiv han i aari næst etter 1850 og 1873, daa han laga Samanskaring af norske Ord og Norsk Maalbunad. Han tok kvar gong ordfanget fyre seg og saag etter kva for emne hadde serskilde nemningar i norsk, eller kva rikdom og armod maalet hadde i dei ymse leider. Paa den maaten fekk han sjølv betre greide paa kva for umgrip han vanta ord for i samlingane sine, og kva han skulde spyrja etter til utfylling.

I 1843 var det elles ein serskild ting som sette han paa det. Med han var i Nordhordland, fekk han lesa Dansk Synonymik av P. E. Müller (1829). Slik gransking var alt gamal i Danmark, og Müller har samla eldre arbeid (Sporon m. fl.) attaat sine eigne (jfr. F. P. J. Dahl i Forord til utgaava 1853). I utgreidingi si fylgjer Müller ein viss “Sagorden”, og fremst (s. XXVII–XL) har han ei liste paa dei ordi han tolkar, under overskrifter som Kundskabsvæsen, Villien, Religion, Dyder og Laster o. s. b.

Me ser at Ivar Aasen her fann noko han kunde kjennast ved. Aaret fyrr hadde han lese Müllers bok Om det islandske Sprogs Vigtighed (1813), som serskilt talar um nemningane (jfr. s. 8 Lexikalsk Rigdom). No fekk han alt betre fyre seg. Dansk Synonymik las han sist i juni 1843, og til 21. juli har han sjølv skrive ei Samling af eenstydige Ord. Me har òg eit lite hefte etter honom med paaskrift Synonymer, og inni ei Samling af Synonymer og Ord som i Betydningen staae nær ved hinanden (her avprenta s. XIII–XVI). I uppradingi er det ein viss likskap med Müllers, men tankerekkja er hans eigi, og det ser ikkje ut til at han har tenkt aa skriva tolkingar til dei einskilde ordi slik som Müller gjorde.

Sidan dreiv han og jamførde danske ord (etter Molbechs ordbok) med norske; og sist i august 1843 arbeider han paa “en nøiere Udvikling af nogle Ord, som kan have flere Betydninger”. Dette siste

kjenner me att i ei liti bok, der han greider ut ord som alt, anna, Bor, burt, dei, dæ, fyre, Gar, Hand og hann, og andre slike. Denne granskingi av samtydingar eller mangtydingar fylgjer honom vidare; fraa 1845 er det nokre Forarbeider til en norsk Ordbog i same leid, jfr. det han segjer i stykket Om en Ordbog over det norske Almuesprog samt en dertil hørende Grammatik (i Det Kongl. N. Vidensk. Selsk. Skrifter i det 19de Aarh. IV s. 62).

Me ser òg at han har havt emnet fyre seg med han heldt paa med Det norske Folkesprogs Grammatik (1848, sjaa t. d. § 202–9, 146, o. fl.) og Ordbog over det norske Folkesprog (1850, jfr. Fortale s. VI og XIII). Men sjølve ordsamskipingi etter ein maate som i 1843 laut han venta med til han hadde faatt andre arbeid undan seg.

Alt i 1851 med han var heime paa Sunnmøre, byrja han (22. januar) aa sjaa gjenom ordboki si og skriva upp slike ord “som have et meget omfattende Begreb og kunne bruges i den vanskeligere Stiil”. Det er vel dette me finn att i eit lite arbeid med namnet Dunklere Begreber, ei samling i 26 flokkar av ord for 1. Sind og Sindstilstande, 2. Følelse, Sands og Fornemmelse, 10. Besiddelse etc. Det var etter han hadde laga Exempel-Samling til Planen for en norsk Sprogform (utg. saman med dei seinare Grundtanker til en Afhandling om en norsk Sprogform (1854) av Knut Liestøl i Maal og Minne (1917 s. 22–33). Sist i januar og fyrist i februar har han sett upp eit Nyere Begrebs- System, og etter dette skrev han eit Udkast til en Ordning af Ordenes Betydninger eller Begreberne i Sproget. Det er 12 smaa sidor, med utvalde døme som er samla i 54 Afdelinger under 9 Hovedstykker, soleis: A. Verden og Naturen (I. De levende Væsener, 1–6; II. Den livløse Natur, 7–12; III. Tids- og Stedsforholde, 13–18), B. Menneskelige Anliggender (IV. Leveskik, 19–24; V. Aandsyttringer, 25–30; VI. Udretninger, 31–36), C. Forskjellige Begreber (VII. Omstændigheder, 37–42; VIII. Beskaffenhed, 43–48; IX. Mængde 49–54). Ord av alle slag staar her saman, som i 1843; dei er no skrivne i ei landstorm. Me finn att baade dei ord som Synonymer 1843 har, og dei i Dunklere Begreber 1851, og mange nye.

Men han fann snart “adskilligt at erindre” ved skipnaden sin. Han har set at dei ulike ordklassone ikkje fylgjест aat ved inndeilingi; i sume bolkar vart det meir gjerningsord, i andre mest namnord, og so elles. Fraa dei næste aari har me fleire ser-samlingar, Ordning af de korte Adjektiver paa 2 smaa ark, no. 1–32) og Ordning af eenstavelses-Verber (1 ark, no. 1–25). I mai 1854 skriv han ei Ordning af de norske Verber efter Betydningen (Materiale til en Synonymik) paa 24 blad (no. 1–62). Dette er fyrste aaret han nemner arbeidet i aarsmeldingi til Kyrkjedepartementet, og der segjer han at ei slik synonymisk samskiping av ordi er ikkje berre eit naudsynlegt fyrearbeid til ei dansk-norsk ordbok, men “ogsaa overalt et viktig Hjælpemiddel ved Behandlingen af Sprogstoffet og blandt andet ved alle Udarbeidelser eller Forsøg paa at skrive i Folkesproget”.

I 1856 gjorde han det ferdigt, etter ein ny plan med serskilde inndeilingar for kvar ordklasse. Han har gjort det paa den maaten

at han leita igjenom ordboki si og dei tillegg han hadde til henne, og sette ordi i rekkjor. Namnordi tok han til med 15. januar, og han har gjort ifraa seg ordboki og tilleggi 20. februar; 5. juni har han skrive Ordning af Navneordene (Substantiverne) i det norske Maal. Det er eit hefte paa 50 kvartblad i 100 stykke, og det inneholder mest likso mykje som dei andre ordklassone til saman. Um hausten (1. oktober– 6. november) skriv han paa same vis adjektivsamlingi (57 stykke). So tok han III. Verberne; i september har han samla sterke verb, og so skipa han alle gjerningsord i 48 rom (dei intransitive 1–24, dei transitive 25–48). Etterpaa tek han IV. Pronomener, og so V. Partikler; der har A. Adverbier 15 rom, so kjem B. Præpositioner, C. Konjunktioner. D. Sammensætningsord og E. Løse Partikler. – Dette fyller andre heftet, og baki er det eit sams register til heile verket, som har faatt namnet Samanskaring af norske Ord.

Det er ikkje likt til at han har teke dette for noko sjølvstendigt verk enno; det er ikkje nemnt i arbeidsplanen fraa 1852 (sjaa Syn og Segn 1913 s. 344), der han elles har med baade ei framandordbok og ei dansk-norsk ordbok, og serskilt talar um Naturhistorisk Terminologie (til Indførelse i et Tidsskrift). Dette siste skreiv han òg um i aarsmeldingi til departementet, der han fortel at samlingi er ferdig. Naturhistoriske nemne hadde han stelt med i juni 1853 og september 1856; i januar 1855 skreiv han upp trenamn til Asbjørnsen. Det vart likevel berre Norske Plantenavne han kom til aa gjeva ut (i Budstikken II (1860) s. 9–37). Dyrnamni let han liggja, for han var ofte uviss um kva slag og ætt dei høyrde til; han tok dei fram att i 1867 og seinare.

Men til hjelp ved andre arbeid har nok Samanskaring ofte vore. Den dansk-norske ordboki har elles ikkje hatt stor framgang desse aari. Etter ein liten freistnad i 1843 (Halvdan Koht i Ivar Aasen (1913) s. 167) hadde han fleire gonger emna paa ei framandordbok, som han gjorde meir i stand i 1857, og i 1860-aari dreiv han òg noko med “norrøning”. Men meste tidi laut daa gaa til sjølve maallæra og ordboki, som det trøngst nye utgaavor av. Norsk Grammatik (1864) har mange minningar fraa Samanskaring, soleis i § 153–155 der han talar um samhøvet millom tydingi ordi har og kynet deira, og paa ymse stader i bolken um Orddannelse etter Betydningen § 267–296 (t. d. § 277 um folkenamn, jfr. Samanskaring 14, Norsk Maalbunad 66 og (i Skrifter i Samling I s. 117–118) diktet Vidsidh); i § 390–391 skriv han um Mængden af Udtryk for de nødvendige Begreber. I Norsk Ordbog (1873) finn me mykje meir av tilvisingar til synonym enn det var gjort i fyrste utgaava, og uttydingane har hatt stor nytte av arbeidet med den logiske uppradingi av ordfanget.

Sjølve Samanskaringi har han nok lenge tenkt aa våla paa, av di ho “ved en forandret Ordning og større Fuldstændighed kunde blive et meget nyttigt Arbeide, som baade i høi Grad vildelette Udarbeidelsen af en Ordbog med norsk Forklaring, og tillige vel kunde udgives særskilt til Brug for dem, som vilde foretage en videre Granskning af Sproget” (aarsmelding for 1872). Alt i 1859 har han

eit tillegg til substantivi (no med titlane i landsmaalsform), og utetter aari fekk han ei mengd med nye nemningar til utfylling. Daa saag han og at inndeilingi kunde vore greidare. I 1860 fekk han tak i P.M. Roget's Thesaurus of English Words and Phrases. Denne namngjetne ordsamlingi (fyrste utgaava 1852) er bygd etter same grunntanken som den Ivar Aasen hadde for si. Sjølve det aalmenne umgripet er det fyrste, so kjem dei serlege; kvart ord er lekk i eit vidare tankesamband. Men systemet er noko ulikt det Ivar Aasen fylgte, og det er større. Det er 6 klassor, for Abstract Relations, Space, Matter, Intellect, Volition og Affections; i kvar klasse er det fleire bolkar (Existence, Relation, Quantity etc.), og i kvar bok er det fleire stykke, i alt 1000 (1920). Par og motsetningar er alltid samanførde. Boki er fyrebilete for D. Sanders' Deutscher Sprachschatz (I 1873, II (alfab. reg.) 1877). Ivar Aasen fann god studnad for sin plan hjaa Roget og Sanders, og lærde mykje av dei, fyrst og fremst av Roget. Men arbeida um si samling etter hans system kunde han ikkje; han tykte inndeilingi var noko kunstig; nemningar som naturleg høyrd i hop kunde koma paa reint ulike rom. Andre synonymiske verk han kunde raadføra seg med, var so ulike hans eige at han ikkje vilde taka etter dei, t. d. Weigands Wörterbuch der deutschen Synonymen (2. utg. 1852), og A. F. Dalins Svenska språkets synonymer (1870). Han heldt daa fyrst fram paa det gamle grunnlaget sitt, med tillegg og umskipingar.

Fraa 1873 er vel dei fleste av dei utfyllingar som er skrivne i Samanskaring. Han har arbeidt mest i juli, august og september dette aaret. Men "ved alle disse Tillæg blev denne Ordliste efterhaanden saa overfyldt og forviklet, at den høilig behøvede en Omskrivning tilligemed en ny Ordning og Afdelingsmaade" (aarsmelding for 1874).

Denne nye avbolkingi streva han med lenge, fyrr han fann ei som han tykte var brukande. Ivar Aasen vilde ha alt i naturlegt samanheng, greidt og likevel vitskapleg rett. Difor dreiv han mykje med sak-gransking i ulike emne desse aari. Difor tok han og fram att eit arbeid som var paatenkt alt i 1852 og hadde vakse fram av Samanskaring 1856 og kome noko langt i 1857 og 1858, men som hadde faatt liggja uferdig sidan. I 1857–1858 kalla han det for Samdrag or Vitmaalom, i 1875 vart det Heimsyn. Paa mange maatar var dette ei prøve um det norske ordfanget rokk til for alle dei krav som slike utgreidingar kravde. Men det ser òg ut som sjølve innhaldet i ordi, sjølve tydingssamanhenget i nemningane har teke honom kvar gong han stelte med ordsamskiping etter emne. Det vart mest som aa setja ordi i Samanskaring um til setningar, til forteljing; skulde han tyda ordi rett, vart det utgreiding.

Me kann sjaa korleis Heimsyn og Norsk Maalbunad liksom fylgjest aat lange leite. Fyrste bolken i Heimsyn er Um Jordflata (sjaa Norsk Maalbunad I. Land, II. Vatn); andre er Um Luft og Veder (N. B. III. Luft); tridje Um Himmelklotarne (N. B. III. 26); fjorde Um Jordbolkarne; femte Um Skapningen paa Jordi (N. B. IV, V og VI); sette Um

Menneskja (N. B. VII og fleire stykke elles); sjuande Um Folkeskipnad (serleg N. B. XXX. Samliv). Soleis er det i Norsk Maalbunad mest fyrste luten (Frumverket) og noko av siste (Mannsfóra) som er utgreidt i Heimsyn; umfram dette kjem det her ein aattande historisk bolk Um Tilstand i fyrre Tider, som ikkje beintfram har rot i ordsamlingi. I 1857–1858 hadde han teke med noko um maal og um skrift; men det skaut han ut no.

Attaat arbeidet med Heimsyn stelte han med nye planar for ordssystemet. Med sakgranskingi fekk han òg betre inndeilings-grunnlag, og han kom til aa laga eit næstan nytt verk. Det er nok so at dei fleste overskrifter fraa Samanskaring gaar att i Norsk Maalbunad; men det er ofte i anna samanheng og med større uppdeiling. Ein ting som volde stor umskiping var det at han no atter – som i 1843 og 1851 – skulde ha alle ordklassor saman. Slik hadde Roget og Sanders det med, og Ivar Aasen tykte dette var greidare, endaa ymse emne kunde vera rikare paa ord av eitt slag enn av andre (sjaa t. d. 36 Urter, 77 Hamlag, 120 Mun, 137 Ljod). Upgrading av Huggrip fraa 3. oktober 1873 har tilvising til alle stykke i Samanskaring.

Umflytjing og auking vart det og naar han som Roget og Sanders skulde ha ein gjennomførd skipnad med paring og motsetning. Soleis har Sanders t. d. 31 Größe–32 Kleinigkeit, 100 Häufigkeit–101 Seltenheit. Ivar Aasen hadde noko av dette i 1856, men i 1875 tok han det med i dei fleste stykke der det naturleg høvde, soleis 15 Væte–Turrleike, 16 Frost–Tidning, 23 Kulde–Varme, 24 Ljos–Myrker; jamnan har han og berre ordet Motsetning (Motlag, Motsett). Sume ting i overskriftene minner òg um dei framande verki, soleis ved 235 Vitring (Signification, Communication), 257 a Medferd (Tractation), 100 b Verende (Wesen, Person), o. fl. Men elles er det ikkje so stor likskapen.

Heimsyn var han ferdig med vaaren 1875 (prenta til jol), og resten av aaret gjekk til arbeidet med uppradingi av norske ord. Ein plan fraa 27. mai 1875 er grunnlaget for den nye Samstilling (som han ofte kallar det), og 1. juni tek umskrivningi til. Men under arbeidet veks det mange nye greiner ut, og sume stykke vart òg umflutte etter dei var skrivne (t. d. i 94 er eit punkt c) klen Ting flutt til 99).

Han gjer som i 1856 fyrst upptekningar av ordboki, og so skriv han stykki ferdige. Me ser han har nytta ut heile ordboki og seinare tillegg (sjaa t. d. Sogo-segjar 60, Dysta 64, Elsk 217 b o. fl.). Arbeidet gaar lett undan for honom; 8. juni er han ferdig med no. 16 i den nye Samstilling, 16. juni med no. 36, 25. juni med no. 52 (Dyr), 3. juli med Mann (VII), 9. juli med Ande (IX), 15. med Emne (X), 31. med Maal (XIII), og sidan fylger bolk etter bolk i jamn framskriding. Sume har likevel vore vrangar aa greida; Tilfelle (XX) driv han med fraa 13. til 21. september, Tilstand (XXI) fraa 22. september til 8. oktober, Vedgjerd (XXVI) fra 15. til 26. november. Men “endelig” den 5. februar 1876 var han ferdig, 12. februar har han skrive Register (I), og so fekk samlingi namnet Norsk Maalbunad.

Arbeidet har nok havt heile hugen hans; han tykte det var “mere interessant end mange andre” (1875); men han heldt det ikke for fullferdig,

det laut endaa nokor umskiping og auking til. Fyrebils let han samlingi vera til det ho fyrst var tenkt til, ei hjelp for honom sjølv ved andre granskingar. Og sidan hadde han ikkje raad med eit slikt storarbeid som ei ny umskriving hadde vorte. Han tenkte paa det i 1880, men daa hadde han andre ting fyre.

Soleis kom Norsk Maalbunad til aa verta liggjande. Fyrst tok han til med ei ny utgreiding um eigenamn, et sergerein av ordfanget som han hadde skrive um i 1854–1855 (i Folkevennen), og gav ut Norsk Navnebog i 1878. Sidan kom andre utgaava av Norske Ordsprog (1881). I 1879–1881 kom Knud Knudsen med si store bok Unorsk og norsk eller fremmedords avløsning. Paa ein maate var det same arbeidet som det Ivar Aasen hadde teke paa seg i 1842; men det er greidt han ikke kunde vera nøgd med dette verket, og i 1880 tok han sjølv til med ei Dansk-norsk Ordbog. Men som i 1850-aari tenkte han det høvde best med mindre samling av utvalde ord. I 1883 var han ferdig, og det er ei greidt arbeid (jfr. S. Schjøtt i Fortale til Dansk-norsk ordbog (1909) s. XII). Men han var for varsom og streng til aa gjeva det ut; det var berre “et simpelt Ordregister med Tilføielse af et Par Ord som Oversættelse for hvert af de i Registeret opstillede Ord. Der mangler altsaa en nærmere Bearbeidelse med Tilføielse af visse afvigende Betydninger og visse særegne Talemaader” (1882). Det som leita honom mest, var den tanken at han ikkje kjende det norske maalet godt nok til aa finna dei rette ordi til umsetjing. Det var endaa mange nemningar som vanta; det saag han daa han hadde laga Norsk Maalbunad, og dette nemner han serskilt i aarsmeldingi for 1877 var ein grunn til at han kvidde seg for eit arbeid som berre vart ufullkome. Daa hadde Hans Ross prenta fyrste tilleggi sine til den norske ordboki (i Nyt norsk Tidsskrift I), og Ivar Aasen stunda paa framhaldet; men Norsk Ordbog kom ikkje ut fyrr 1889–1895, og det vart for seint.

Det er berre smaa rettingar og utfyllingar i Norsk Maalbunad fraa desse seinare aari. Han hadde boki jamt framme med han heldt paa med Dansk-norsk Ordbog, og i 1883 laga han ein ny vegvisar til ho, “et større Register over de mest omfattende danske Ord med Henviisning til de i den ovennævnte Sammenstilling opførte Grupper, hvori man kunde vente at finde tilsvarende norske Ord” (avprenta her i utgaava s. 224–231). Sidan tok han – som etter 1856 – etter fram dei naturhistoriske nemningane, serleg dyrnamn (mest i 1883 og 1884). Men sidan vart det ikkje meir. Soleis kann me segja han kom attende dit som han hadde teke ut ifraa.

Norsk Maalbunad har vore lite nemnd og mindre nytta. Hjalmar Falk har eit par ord um boki i minnestykket um Ivar Aasen 1897 (Arkiv för nordisk filologi XIII (IX) s. 378), og Halvdan Koht fortel um arbeidet i minneskrift 1913 (Ivar Aasen, granskaren, maalreisaren, diktaren, s. 103, 167).

Det som har vore gjort av utgreiding i denne leid etter Ivar Aasen har mest vore knytt til sakgransking, serleg av folkeminne.

Mange nye nemne er òg framdregne, soleis i ymse naturvitskaplege arbeid. Mykje av nybrot har me i dei lærebøker og vitskapsverk som er skrivne i landsmalet i seinare aar. Men det meste er nok enno urørt.

Utgaava fylgjer handskriftet; det er ikkje ofte det har vore torv til beinking og utjamning. Misskrivingar er sjeldsynte, dei er daa retta etter Norsk Ordbog (soleis ufløyd 175 b, Lettre 159 (jfr. 162 a), atal 254 a, Fantetaat 256 b, Olafsvoka 152 a, Umsveit(?) 289 a). Han vik stundom av fraa ordboki, som Kvæmingsmann 57 b, Turkebum 47 a, Kvarner 70 (sjaa N. O., Kvann 2), Markvost 107 b. aa-a skriv han âa, soleis grâa, hâa. – Han set ofte merke paa opne og tronge vokalar; det hadde kann henda lønt seg aa fylgja honom i det, men det hadde vorte noko drjugt aa faa til slik merking alle stader, etter Norsk Ordbog. – Ord med fleire samansetningar er gjerne skrivne med bindeteikn berre ved eitt av tilleggi, og soleis er dei prenta (t. d. Gardeigar, -gjenta, gut, mann; Ijosblaa, -brun, graa, grøn, gul, leitt, raud, voren).

Avtystingane er:

- Adj. – adjektiv.
- Adv. – adverb(ium).
- etc. – et cetera (og so frametter).
- Conj. – konjunktion.
- f. – femininum (kvendkyn).
- f. (i Register) – fylgjande.
- Jf. – jamfør.
- m. – masculinum (mannkyn).
- M: – merk (i ms. M:, Mk.).
- Mots., Motset. – motsetning (ogso Motsett eller Motlag).
- n. – neutrum (inkjekyn).
- No. – nummer.
- Personl. – personlege (um verb).
- Pron. – pronomen.
- S., s. – sjaa.
- s. (etter verb) – seg.
- samf. – samfengt.
- serl. – serlege.
- Subst. – substantiv.
- V. – verb(um).
- (V. a.) – verbum activum.
- (V. n.) – verbum neutrum (utan objekt).

Til utgaava er det gjeve tilskot fraa Fridtjof Nansens fond og Peer Væringssaasens Nationalfond.

Oslo i desember 1924.

Sigurd Kolsrud.

SAMLING AF SYNONYMER

OG ORD SOM I BETYDNINGEN STAAE NÆR VED HINANDEN
(1843)

1. Landet. Havet. – Land. Øi. Holm. Skjèr. – Fall. B\$de. Flæde. Flud. Skalle. – Fjaar. Bug. Vik. Vaag. Poll. – Synd. Vaul. Kjøile. Straum. Os. Mynne. – Val. Leire. Fjøre. – Øir. Grande. Bankje. – Nès. Taangje. Odd. Pynt. Klubb. – Bakkje. Bratte. Berside. Nakke. Knaus. – Hammar. Stup. Fløg. – Fjell. Berg. Aas. – Honn. Tind. Tipp. Nipe. – Ku. Koll. Kass. Tu. Haug. Tue. Hol. Holt. – Rabb. Rinde. Rane. Ris. Reine. – Heid. Lid. Lægd. – Skride. Glenne. Plite. Skør. Flaa. Helle. – G`yl. Fonn. Svør. Skree. – Ur. Loftur. Mòl. – Stein. Helle. Berg. Skjerv. Svæd. – Dal. Kop. Høle. Sæld. Djuv. Sløke. Vete. – Gjøtt. Grofs. Hellar. – Elv. Aa. Grov. Veite. Renne. Hyl. Dam. – Vatn. Tjenn. Søile. – Myr. Dyngje. Depel. Dikje. Evje. – Voll. Jamne. Flôte. Slette. – Jor. Mold. Aur.

2. Træer. Vækter. Træmateriale. – Skog. Kìme. Mork. Mo. Ryst. Runn. R`yde. – Or`yde. Ovæne. Moras. – Gras. Haa. Høi. Lod. Lyng. Kjørr. Krampe. – Vèg. Raas. Gòte. – Stokk. Kjepp. Straangje. Skaate. Legg. – Trode. Staang. Tein. – Stav. Staur. Paale. Pjaak. – Stømn. Stu. St`yl. Stylk. Stjant. Stikke. Rot. Taag. Koll. Topp. Vise. Renning. Kvist. Grein. – Skat. Bar. Snaar. Ris. Kumb. Kubb. Butt. Knubb. – Skide. Flis. Spøne. – Fjøl. Bor. Plaankje. Hun. Spildre.

3. Dyriske Legemer. – Bùl. Kropp. Kròv. – Haar. Skjegg. Bust. Ull. Ru. – Krull. Brusk. Lokke. Larkje. Tokje. – Hud. Skinn. Ròd. Svor. Hold. Haarrem. – Skolt. Skalle. Skjelte. Haudeskaal. Hause. – Munn. Kjæft. Trant. Tryne. Snut. – Mule. Lèpe. Lippe. – Bring. Bringe. Brøst. Barm. – Dòv. Kors. Rauv. – Hale. Rumpe. Spæl. V`yle. Spùr. – Vaamb. Buk. Liv. Magje. – Gonn. Tarm. Ilaate. – Feitt. Talg. Istre. – Kjøt. Spekk. Flesk. – Sìn. Vorde. – Fot. Legg. Bein. Gaanglim. – Fot. Lom. Labb. – Bein. Knok. Kaatre.

4. Luften. Veiret. – Lygt. Himmel. – Veir. Himmelsbragd. Veiraatte. Ægt. Røte. – Oveir. El. Eling. Bye. Fuke. Kave. – upplette. uppljøse. upphaldige. – Aavabùr. Rægn. Yr. Dogg. – Slette. Dap. Slufs. – Snjøv. Fjautr. Hagl. – Bride. Skavl. Vaul. – Brøtfør. Skare. Avraang. – tøie. røvle. tine. braane. – Kyld. Kulde. Frost. Gnallefrost. – frjøse. ise. kjøva. krape. – Hele. Klakje. Tèle. – Krape. Is. Jukel. Skuggaal.

– Læke. Læveir. Tøir. – Yl. Fjelde. Varme. Hite. – Gøve. Moe. Vaatrøik. – Musk. Dism. Nistr. – Flod. D`yne. Tore. – Kov. Skodde. Gyrje. – Sky. Torve. Tokje. Hause. Bakkje. – Bleik. Slime. Dæmbe. – Drag. Drætte. Draatt. – Vind. Kùl. Gust. Græle. Graae. – Storm. Harveir. Husebròt. – Flage. Gjære. Bye. – Lin. Løgje. Upphald. – Dòv. Dus. Stogg. – Baare. Sjø. Skavl. – Tunghold. Drag. Sud. Brim. – Gjøil. Grøivl. Dining.

5. Rummet. – Stad. Plass. Flekk. Prikk. – Maat. Mærkje. Maal. Raand. Strik. – Ende. Topp. Hynne. Snippe. Jark. Rør. Jar. Kant. Lìd. Side. Hand. – Rom. Rømd. Vidd. – Vidd. Vidaatte. Strekning. – i. paa. vùd. mæ. hjaa. – til. aat. mot. attaat. – fraa. av. or. – fyre. forbi. um. – imyllaa. igjønaa. – stad. vekk. av. – yve. aaver. aavapaa. – bak. att. itte. – didt. burt. dær. – vid. aava. – heim. framma. – inn. utta. – naar. synna (og modsat).

6. Tiden. – Tid. Bel. Mund. Maal. – Rid. Tak. Stund. – B`yl. Tokt. Bolk. – Morgaa. Otte. – Degning. Lysing. Attelysing. – Dag. Ijøst. aalljøst. – Myrkning. Skyming. Kveld. dimt. myrt. avdaga. – nyst. nylè. i stad. ùm dan. – sida. snart. trakst. – før. fyst. fystende. – daa. naar. mèda. – tiddt. oftaa. jamt. – stødt. stesse. stændigt. – imsaa. stundaa. sumtide. – braatt. snart. snøgt. snærte. – seint. laangt. længje.

7. Forhold. Mængde. – Møle. Stykkje. Bolk. – Lùt. Part. Del. – Ende. Stubbe. – Grand. Smul. Smitter. Lukk. Pile. – Bos. Fl`ys. Fjom. Fjukr. – Mængd. Mylske. Nøgd. – Holve. Helt. Helming. – alt. heilt. fullt. – mykje. storaa. svært. – lite. knapt. smaatt. – nòke. sùmt. ettkwart.

8. Beskaffenhed. – stor. vid. rømelè. – stor. høg. laang. – liten. stytt. kort. laag. – dryg. holl. d`ylen. – breid. tjukk. diger. – smal. tynn. grann. smøger. – stærk. magtig. – veik. visalle. kvæden. – har. traust. fast. stød. – mjuk. blaut. fos. laus. ostød. – lett. snar. snærten. – tung. sein. styrven. oveiden. tungfør. – bein. jamn. slett. flat. – kroket. ojamn. bøgjen. – rett. skikkelse. go. gild. – raang. oreitt. vond. laak. ring. ussel. – ny. fæsk. frisk. ung. – gamalle. aldra.

9. Stilling. – Stad. Stòde. Plass. – Sess. Sòte. Sæte. Lège. Lægje. – staa. rise. rue. – sitje. hukje. krukje. – lute. kure. krøke. – liggje. vère. – halle. skjeive. slute. – haange. dille. slyngje. slette. – vindt. skakt. skjeivt. – fatt. bøigt. bændt. – stramt. strakt. tant. – lagt. sett. stellt.

10. Bevægelse. – gaa. fare. reise. – springe. laupe. sende. renne. – dylpe. trippe. hoppe. bykse. – aule. krjøpe. krèke. kry. krykkje. – reike. skride. rige. rigse. rjaale. – halte. skaake. skjeive. bingse. hokre. hinkre. – skrike. snaave. rape. rase. – dette. rjøke. rise. fare stad. skjøte stad. – rulle. trille. valtre. velte. kante. trinte. – rynje. drysje. sprette. – drjøpe. drople. skvette. – spire. frøse. sille. renne. fosse. paule. – skumple. skòle. slumpe. sutle. puple. – sige. renne. sikle. – sige. sekke. felle. – skjelve. pipre. histre. dirre. disse. – røke. drive. fljøte. – fjøke. fljøge. drive.

11. Handling. – leggje. setje. – take. trive. knipe. – halde. bère. – give. fli. rette. faa. – bère. føre. flytte. bringe. – drage. trekkje.

dragse. tøge. slitte. – kaste. slængje. hive. søile. dryle. – slaa. bùke. baanke. kakke. – drive. jage. stride. skjote. skjærre. skræme. – drive. klæme. kile. – trykkje. trængje. klæme. – knipe. klipre. klæmbre. kreiste. klistre. – føre. skjøte. yta. – skue. skumpe. støite. – stikke. smette. træde. – stikke. pòte. pilke. – gnage. skrape. skave. nyggje. skure. – rive. kløive. flekkje. – bænde. bøigje. krøkje. – brjøte. knekkje. krase. – fløigje. føykje. straa. drysje. sprette. – lette. fløite. røise. lyfte. – benke. rette. jamne. strekkje. tøigje. ræmbe. tænje. rekkje. – bite. klefse. gnavle. – sue. supe. lepje. drikke.

12. **Forandring.** – gro. vekse. trivast. mùne. – minke. kverve. mjone. – stane. stogge. stanse. stillest. sævast. linke. – vidne. rømest. vikkast. – dragne. tøgne. rakne. slitne. – brotne. breste. rømne. springe. klovne. flakne. løsne. – losne. løse. løise. – døvne. rene. mogne. saane. ulne. rotne. – blotne. mjukne. morkne. – braane. smelte. smoltne. lopne. – laupe. storkne. styrne. tjukne. – friskast. frikkast. kvøkne. limne.

13. **Fornemmelse.** – sjaa. skøde. gløse. stire. synest. tìme. `ygne. – høire. lyde. lydest. – kjenne. tøkje. mørke. fornæme. – Aangje. Brjaal. Lyft. Tæv. – Kipp. Kvepp. Kjøl. – rædd. kvæk. kveppen. – kolne. rysje. askrast. – kritle. maure. kleie. – værkje. smerte. svide. – teine. sneise. rive.

14. **Udseende.** – lyse. skine. glanse. glime. glitre. – kvøte. bløke. blænkje. brøde. – skimte. skjome. – myrkje. svørte. skyggje. – m`yrt. dimt. dunkelt. – ljøst. blakt. bleikt. – muskete. imete. myrjete. – Aal. Raand. Strøk. Strip. Reik. Bløse. – Ring. Gjor. Rikke. Flame. – Flekk. Bot. Prikk. Sprinkle. Flukr.

15. **Lyd.** – gnette. knette. smelle. – ruske. skraape. raave. – gnaake. gnikse. gnelle. – buldre. skaldre. skramle. skrelle. – dynje. glymje. dundre. hurre. ramle. – hurle. surle. tjøte. sjøde. puple. kvæse. – slumpe. skøle. skvample. – kvære. knyste. gnette. nastre. saangre. kvine. – staanke. stynje. hæse. – frøse. skyrpe. plystre. – vaale. veie. skryle. – syngje. hauke. lille. – klyngje. surre. laate. – laate. pistre. kvistre. niste. – gnelle. rine. ræmje. – jærme. brækte. – brogge. kneggje. – tryte. raute. belje. – skrike. hyle. ræmje. – rjøte. ryle. gryla. – murre. rjøte. snurkle. – tjøte. solle. sjau.

16. **Stemme. Tale.** – snakke. tale. prate. – seie. skøpe. fortelje. søgje. – tumsen. tagalle. kortsvarige. – snakksame. maangorige. laangsnakkjen. – grannmælte. skvellen. høgmælte. – grovmælte. hartalande. – tidtmælte. snartalande. – stam. kleis. lesp. – tøve. vatle. prime. hyrje. lyrje. – slarve. sutle. struple. vade. dise. drøse.

17. **Ydre Egenskaber.** – Andskap. Ognelag. – Handebùr. Nakkebùr. – storsleien. breidlette. – stygg. ljøt. gribben. skryten. – vakker. fair. snild. pæn. nett. fin. – grann. spinkjen. laangsløkjen. – beinvaksen. røklè. – fatt. krøkjen. kryla. kassvaksen. – snærtten. lettføre.

18. **Legemstilstand.** – frisk. sunn. fjerm. førlè. rørigje. – Sykje. Sjukdom. Svakkheit. – Repp. Lime. Faraang. Sveim. – svakk. peilen. pjaskjen. skarven. skrapalle. – klen. laak. sjuk. – klenfingjen. svakkfingjen. peilalle. skarvalle. harkjen. tuskjen. – klenvøren. sjukvøren.

o. s. v. – Daavr. Svimbr. Ør. – Ovìt. Svime. Daanelse. – Igl. Mot. Hugbit. – Rìv. Rensl. Hald. Nìt. – Flage. Rid. Flod. Fløkje. – Kjeim. Mynjad.

19. **Sindstilstand.** – Hug. Lyst. Lost. – Hugnad. Mùn. Hyggjelse. – Glède. Gaman. Moro. Fantri. Spøkri. – Kjæte. Kipne. Ville. Galskap. Galningsheit. – gild. glad. feien. – livlè. lettliga. livm`ykjen. – kipen. kaat. lystige. – vill. galen. uppøste. – Lòt. Faar. Føre. Møle. Skjeim. – Tykk. Fortrot. Harm. Sinne. – tykkjen. snyrten. furten. gretten. sær. sint. – galen. rasande. avskapt. – tulla. faavise. halgalen. – tver. raangvise. – rædd. fælen. kveppen. – Ogje. Ræddhùg. Fæle. – Skrekk. Kipp. Kjøl. – syrje. attelite. aangre. – Saknad. Attelit. Ank. Otte.

20. **Indre Virksomhed.** – tænkje. meine. tru. – slutte. gisse. vone. vente. – sk`yne. forstaa. begripe. – mærke. prøve. røine. freiste. – lære. ta ìtte. kløkjest. vikkast. – Næme. Taankje. Framtøkje. – Vít. Skyn. Forstand. Lag. Hald. Snid. Begrip. – haa. hugse. minnest. – tvile. æve se. undrast.

21. **Indre Egenskaber.** – snartænkte. greidtøke. visstøke. – gaben. eintænkte. – klok. vis. tænkt. – ovare. oskyven. oveiden. forvaaga. – djerv. hærlige. tòrlige. stolt. storagtige. øgjen. – tyd. blid. fjelslè. hyggjelè. snild. skikkelè. – vond. ill. ful. slu. sløg. – strid. streng. oliven. oskynjige. aalitsame. – godige. godslè. hjartige. raust. skynjige. beinige. – traas. mein. tvèr. obeinige. – nau. nikker. knapp. nærsedde. nisk. treisk. – Beine. Mandom. Hjarte.

12. **Omstændigheder.** – Hepne. Lukke. Lagnad. – Ohepne. Vanlukke. Ohæming. – Olukke. Skade. – heppen. lukkelè. sæl. – Gagn. Nytte. Like. – Mun. Framslag. Vinning. – müne. folle. forslaa. Mængd. Nøgd. Rikdom. – Armod. Fatigdom.

23. **Kjøn. Alder.** – Menneskje. Folk. – Mann. Karmann. Selle. Kar. Fyr. – Gut. Dreng. Ungkar. – Taus. Jente. Pike. Vækje. Fesje. – Kaane. Kjæring. Kjelle. Kvinnfolk. – Ban. Ungje. Ungdom. – Flokk. Ly. – ung. kvæden. banskjen. – tekømen. aldra. gamalle.

24. **Bopæl. Næring.** – Gar. Tun. Bø. Jor. – Eng. Mark. Slætte. – Aakr. Ækre. Reit. – Huus. Bygning. Laan. – Støve. Kammers. Køve. Klève. Hokk. – D`yr. Luke. Gluggje. – Golv. T`yle. Tuft. – Loft. Læm. Hjell. – Bite. Bjelke. Spærre. – Tak. Tekkje. – Møne. Ræve. Rot. Raft. Ufs. – Ram. Bjørlad. Brøst. – Grue. Eldstad. Omn. – Kraa. Hynne. Nòv. – Stav. Standar. Stolpe. – Brùt. Staal. Skytje. – Fehus. Fjøs. Stall. – Baas. Gare. Stekkje. – Annmarkje. Buskap. – Naut. Bukr`yter. – Kr`yter. Fe. Beist.

26. **Arbeide.** – arbeide. slæpe. stræve. træle. grave. – kave. kravle. vaande. – bale. bakse. skarve. skrape. – vaase. tvage. tjaake. – fure. skure. skrubbe. kile. – klutre. krutle. tutle. rutle. putle. – klatre. larve. kratle. kolke. bratle. – balle. kotle. kolle. tøve. tufse. fitle. knøde. klaasse. – drunte. sele. sippe. rele. loke. koke. – rote. rjone. hilore. drøle. – sein. seinføre. avleiden. – lat. døven. røten. – flittige. stræven. graven. – trottige. trøiten. uthaldige. griddige. – hyra. hytta. tidige. fjerme. triven.

NORSK MAALBUNAD

PLAN

TIL AVDEILDING OG SAMANSTILLING

A. Frumverket.

I. Land.

1. Land (Jord, Buland).
2. Landsbolt.
3. Grunn.
4. Leite (Strand etc.).
5. Høgder. Berg etc.
6. Dypter. Dal etc.
7. Marker.
8. Landslag. Tillægje etc.
9. Føre.

II. Vatn.

10. Vatn (Elv, Os, etc.).
11. Vatsmaal. Flaum etc.
12. Strøyming.
13. Baarelag (Gjelv, Driv).
14. Væta.
15. Vætelag. Raaleike etc.
16. Frost og Tidning.

III. Luft.

17. Luft. Himmel.
18. Sky. Skylag.
19. Musk (Eim. Hilder etc.).
20. Veder.

21. Vind.
22. Nedburd, Eling.
23. Varmelag. Kulde. Eld.
24. Ljos og Myrker.
25. Luftmerke (Gil, Brag. Ljon etc.).
26. Himmelbular (Sol etc.).

IV. Jordfang.

27. Stein. Steinslag.
28. Malm (Metall).
29. Steinlikinde.
30. Jordslag.
31. Gyrma (Understad etc.).
32. Myrja (Rusk. Hima etc.).

V. Vokster (Plante).

33. Voksterslag.
34. Tre. Treslag. Teinung.
35. Kjørrvokster.
36. Urter.
37. Gras. Korn etc.
38. Løynsprettigar. Mose etc.
39. Voksterhop. Skog etc.
40. Voksterdeild (Stuv. Koll).
41. Fræ (Frukt).
42. Voksterlag. Ivokster etc.

VI. Dyr.

- 43. Dyrslag.
- 44. Spendyr. Klodyr etc.
- 45. Fuglar.
- 46. Snauddyr. Ødlor, etc.
- 47. Fiskar.
- 48. Liddyr. Skordyr etc.
- 49. Blautingar. Makkar etc.
- 50. Dyrehop. Elde etc.
- 51. Tilvekstring. Unge etc.
- 52. Dyrnæme (Dyr etter Laget).

VII. Mann.

- 53. Menneskja. Mann, Kvinna.
- 54. Lyd. Tenrarar etc.
- 55. Skyldfolk.
- 56. Sivjungar (Verbrøder etc.).
- 57. Kjenningar.
- 58. Bufolk (Standsfolk).
- 59. Verkfolk.
- 60. Kunstfolk.
- 61. Umbodsfolk (Embættesfolk).
- 62. Raadsfolk. Hovdingar.
- 63. Einstødingar.
- 64. Folk etter Dug og Vit.
- 65. Folk etter Laget.
- 66. Folkeslag. Landsmennar.
- 67. Folkehop. Ætt, Fylgje.

VIII. Likam.

- 68. Bul (Kropp).
- 69. Bulbygnad. Bein etc.
- 70. Bulryfte. Sida etc.
- 71. Hovud. Munn.
- 72. Limer. Utlimar.
- 73. Innvol.
- 74. Hudtekkja. Haar etc.
- 75. Vedvokster. Horn etc.
- 76. Bulskapnad.
- 77. Hamlag.

- 78. Lyte. Saar etc.
- 79. Trivnad.

IX. Ande.

- 80. Ande.
- 81. Skrymt.
- 82. Vette (Tussar etc.).

B. Emne.

X. Emne (Materia).

- 83. Emne (Kraftemne etc.).
- 84. Bruksemne.
- 85. Tilfang. Fyreraad.
- 86. Trefang.
- 87. Husfang. Smidefang etc.
- 88. Klædningsemne.
- 89. Fodringsemne. Matfang.
- 90. Mat. Grjon etc.
- 91. Drykk. Drykkjefang.
- 92. Bot-emne. Lækjedom etc.
- 93. Ifylling. Underlag etc.
- 94. Avfall. Skrap.

XI. Slag (Genus).

- 95. Slag. Avelde etc.
- 96. Fylgjeskap. Vedkoma.
- 97. Likleike.
- 98. Einskap. Samleike.
- 99. Ting. Næme.
- 100. Verende. Eining (Individ).

XII. Mengd.

- 101. Tal. Talhop.
- 102. Mengd. Faaleike.
- 103. Muga (Mukka).
- 104. Breida. Flo.
- 105. Hop. Skreid.

- 106. Lad. Lessing.
- 107. Bundel. Vase.
- 108. Skant. Grand (Smule).
- 109. Deild.
- 110. Stykke (Jf. Heilskap).

XIII. Maal.

- 111. Storleike.
- 112. Høgd. Lægd.
- 113. Lengd. Stuttleike.
- 114. Breidd. Vidd.
- 115. Fylla. Tomleike.
- 116. Vegt.
- 117. Verdmaal. Kostnad.
- 118. Maating. Umaate.
- 119. Tilskøyt. Avtak.
- 120. Mun (Grad).

XIV. Skap (Form).

- 121. Skapnad.
- 122. Skiveskap. Hinna etc.
- 123. Flata.
- 124. Kuv. Langkuv.
- 125. Klump.
- 126. Hyrneskap. Snippa etc.
- 127. Lengja. Grein etc.
- 128. Bøyg. Krok.
- 129. Ring. Lykkja.
- 130. Brot. Rukka etc.
- 131. Dokk. Hola. Skora.
- 132. Opning. Hol etc.

XV. Lag (Qvalitet).

- 133. Lag. Eigenskap.
- 134. Svip (Aasyn).
- 135. Lit. Litskifte.
- 136. Glans. Døkklike.
- 137. Ljod.
- 138. Ange (Odor).

- 139. Smak.
- 140. Utag, Slettleike etc.
- 141. Skirleike. Finleike.
- 142. Hardleike, Mjukleike.
- 143. Trauste. Brøyskleike.
- 144. Styrke. Vanstyrke.
- 145. Friskleike. Ufriske.
- 146. Stand (Hævd). Ustand.
- 147. Verd. Uverd.
- 148. Tokkelag. Godtokke etc.

C. Umstøda.

XVI. Tid.

- 149. Tid (Stund).
- 150. Dagstid.
- 151. Aarstid.
- 152. Merketider.
- 153. Tidskilnad. Fyretid etc.
- 154. Upphav.
- 155. Ende.
- 156. Alder. Nyleike.
- 157. Varing. Jamne.
- 158. Hast. Seinleike.

XVII. Stad.

- 159. Rom (Vang).
- 160. Stad (Locus).
- 161. Maat. Samfelling.
- 162. Værstad. Grend.
- 163. Merkestad. Verkstad etc.
- 164. Utkant.
- 165. Trøm. Endemaa etc.
- 166. Sida.
- 167. Stemna.
- 168. Veg. Leid.
- 169. Far (Spor).
- 170. Rømd. Trong.

XVIII. Støde (Situation).

- 171. Støde. Standing. Lega.
- 172. Tilsnung. Tillægje.
- 173. Nærleike.
- 174. Tilgjenge. Berrsyn.
- 175. Fristand. Fastleike.
- 176. Serstøde (Isolation).
- 177. Rading. Rad. Lekk.
- 178. Samstøde.
- 179. Tettleike. Tunngleike.
- 180. Stødleike. Utrygd.

XIX. Rørsla (Motion).

- 181. Rugl. Risting. Kipp.
- 182. Gletting. Fall.
- 183. Skubbing.
- 184. Umsviv. Krokferd.
- 185. Likams Rørsla.
- 186. Andlits Rørsla (Mina).
- 187. Gang. Sprang etc.
- 188. Gangelag.
- 189. Ferdskap. Sjoferd etc.
- 190. Kav (Sterk Rørsla).

XX. Tilfelle.

- 191. Hending.
- 192. Umskifte. Vending.
- 193. Uppkoma. Orsak. Fylgja.
- 194. Stadning. Avferd.
- 195. Aatleid. Letting.
- 196. Hindring.
- 197. Høve. Kvæmleike.
- 198. Uhøve. Ukvæmd.
- 199. Heppa. Vinning.
- 200. Uheppa. Tap.

XXI. Tilstand.

- 201. Tilstand (Umstand).
- 202. Vering.

- 203. Vanting.
- 204. Torv. Uturv.
- 205. Moglegskap. Uvinna.
- 206. Lettvinna. Vande.
- 207. Velgang. Godlag, Ulag.
- 208. Ro og Uro.
- 209. Framvokster. Veksing, Minking.
- 210. Øksling.
- 211. Liv og Daude.
- 212. Dvale. Svevn. Vakster.
- 213. Førleike. Uførskap.
- 214. Hold. Foderturv.
- 215. Hudlag. Muting.
- 216. Tilfelle i Likamen.
- 217. Sykja. Aatøkje.
- 218. Heilning (Batning).

D. Mannsfora.

XXII. Vit.

- 219. Røynsla. Gaaing.
- 220. Minne. Vanminne.
- 221. Tanke. Von. Hugsviv.
- 222. Tru. Tvil.
- 223. Merksemd. Forvitna etc.
- 224. Vit (Skyn). Vanskyn.
- 225. Vitlag. Villska.
- 226. Tankelag. Rettvisa etc.

XXIII. Hug (Vilje).

- 227. Huglynde. Godlynde etc.
- 228. Lot (Humør). Gaman etc.
- 229. Lyst. Ulyst.
- 230. Mod. Vanmod.
- 231. Vilje. Motvilje. Ofse.
- 232. Hugnad. Uhugnad.
- 233. Tol. Vandsemd. Utol.
- 234. Sjølvmaeting. Storlynde.

XXIV. Vitrинг.

- 235. Vitring (Indication).
- 236. Læta.
- 237. Tale. Ord.
- 238. Tiltale (Vinleg etc.).
- 239. Fortelnad. Soga.
- 240. Døming. Lov og Last.
- 241. Avtale. Løyve. Ordkast.
- 242. Munntame. Godlaat etc.
- 243. Stev. Song. Spel.
- 244. Skrift. Brev etc.

XXV. Gjerd.

- 245. Gjerning. Verkstykke.
- 246. Sysla. Jordbruk etc.
- 247. Freistnad. Stræv.
- 248. Trott. Utrott.
- 249. Tilsyting. Veiding. Avle.
- 250. Tilbuing. Reiding.
- 251. Hagleike. Vanhegd.
- 252. Ferd. Spakferd etc.
- 253. Leik. Spel.
- 254. Paafund. Vipror.
- 255. Sed. Høgferd. Vansed.
- 256. Livnad. Dygd. Udygd.

XXVI. Vedgjerd.

- 257. Medferd. Vedrøring etc.
- 258. Driving. Atterhald.
- 259. Førsla. Flutning.
- 260. Skiping. Felling. Festing.
- 261. Sundring. Skilning.
- 262. Tilverkning.
- 263. Tilskaping. Bøygning etc.
- 264. Umbunad. Tekkjing etc.
- 265. Utreiding. Prydnad.
- 266. Vøling. Umgjerd.
- 267. Tyning, Meiding etc.

- 268. Røkt. Fostring.
- 269. Hugbrigding, Eggjing.
- 270. Møding. Nøyding etc.

XXVII. Bureide (Bygnad etc.).

- 271. Bustadmerke.
- 272. Hus.
- 273. Husryfte. Vegg. Tak.
- 274. Husrom.
- 275. Husreide. Eldstad etc.
- 276. Stydjeverk. Pall etc.
- 277. Førsleverk. Dragverk.
- 278. Ilaat. Gøymsla.
- 279. Kjerald.
- 280. Farkost (med Deilder).

XXVIII. Handreide.

- 281. Reidskap. Handykle.
- 282. Vinneveler.
- 283. Veideveler. Sjoreide etc.
- 284. Emningsreidskap. Bitjarn.
- 285. Husreidskap. Matgjerdreidskap.
- 286. Festeverk. Band etc.
- 287. Vevreidskap.
- 288. Klædebunad.
- 289. Smaareide. Prydeverk etc.
- 290. Deilder av Reidskap.

XXIX. Eign.

- 291. Eign. Eignarmuner.
- 292. Sameign. Skifting.
- 293. Eigebyte. Giving. Kaup.
- 294. Leiga. Festemaal.
- 295. Millomgreida. Forskylding.
- 296. Avgifter. Føderaad etc.
- 297. Bustyring. Øyding etc.
- 298. Bustand. Innkoma etc.

XXX. Samliv.

299. Skyldskap. Sivskap.
300. Samnøyte. Kjendskap.
301. Heimlag. Lydlag.
302. Uppfostring. Lærdom.
303. Lagfesting. Vigsla.
304. Lagskipnad. Styring. Rett.
305. Samgreida (Saker).
306. Samkoma. Møtelag.

307. Hjelp. Ubeine.
308. Vyrdnad. Uvyrdnad.
309. Velde. Undermagt.
310. Tevling (Kappstræv).
311. Samhelde. Fred.
312. Usemja. Strid.
313. Hollskap. Godvilje.
314. Uhollskap. Illvilje.
315. Fredgjerd. Soning.

I. Land.

(Land, Grunn, Marker, Landslag, etc.)

1. Land.

a) samfengt. – Berg. Bygd. Dal. Fastland. Fjell. Grunn. Heim. Holm. Jord. Land. Landjord. Lende. Mark. Nes. Rike. Skage. Strand. Uppland. Vidaatta. Øy. Øyland. – Verd(i).

b) serlege. – Austland. Nordland. Vestland etc. – Utland. Norig. Sverike. Danmark. Holland. Engelland.

c) etter Bunad. – Buland. Bygdarlag. Fødebygd, Fødeland. Grannbygd, -lag, land. Grend. Grendarlag. Heimbygd, -land. Nybygd. Storbygd. Umkverv. Øydeland, -mark.

d) etter Tillægje. – Avbygd. Avdal. Bergland. Fjellbygd. Fjordbygd. Havland. Høgland. Innland. Jadar. Laagland. Midland. Sjoland, -bygd. Tverdal, -fjord. Utbygd.

e) etter Lag. – Aldeland. Baleland. Berrsnøyda. Farlende. Fiskeland. Forland. Frostland. Grasland. Grjonbygd. Høyland. Kornbygd, -land. Markland. Matland. Myrlende. Skogbygd, -land. Uland. Vaalende.

2. Landsboltk.

Aattung. Boltk. Bygd, -arlag. Dalføre, -lægje. Fjord. Fjordung. Fylke. Gardelag. Gjeld. Grend. Herad. Koll. Kring, -el. Kverve. Legd. Leite. Lende. Repp. Rike. Rota. Skipreida. Sokn. Strok. Tinglag. Umkverv. – Landskap?

Eign. Hovudsokn. Kongerike. Kyrkjesokn. Vald. Bidlag.

Smaastykke. – Bot. Duk. Flekk. Geire. Glenna. Jadar.

Kile. Krinsel. Kvarv. Kvisl. Lykkja. One. Rast. Rime. Ruta. Ryft. Strimel. Svarv. Teig. Tridjung. Vang. Von.

3. Grunn.

a) *samf.* – Aur. Aurrhella. Bakke. Berg, -grunn, lende. Berrfjell. Berrsnøyda. Bjørga. Botn. Brok. Bæd? Digsenda. Dike. Dile. Djupe. Dov, Dove. Dya. Dyngja. Elta (Eldstad). Eng. Evja. Fen. Fjøra. Flaa. Flota. Flædd. Gald (Gadd). Gardfar, -rot, støde. Glenna. Glopmark, -urd. Gormyr. Grande. Grasbotn, -svord. Grunn. Grunne, -ing. Grynna. Grøde. Hall. Hella. Hjell. Hol. Jamna. Jord. Jørve. Kamp. Kjøl. Koppmol. Kraa. Kvam. Kvicksenda. Land. Lege (a). Leira. Lofturd. Lyngmark, -rot. Lægje. Mark. Mel. Mo. Mol, f. Mold. Molgrunn. Mosebotn, -mark. Myr. Møra. Pall. Rabb. Rad, n. Rime. Rinde. Riv. Rjod. Rye. Salta. Sand, -grunn, mo. Sate (Sete). Sike. Skalle. Skarv, n. Skjer. Skjerurd. Skjerv. Skogland, -løysa. Skor. Skrabb. Slad. Sloka. Snaudberg, -fjell. Snøyda. Stede (Stedje). Stein, -grunn, humul, lende. Støde. Svad. Svadberg. Svoda. Tele. To, f. Torva. Trod. Trokk. Tuft. Urd. Uryde. Val. Vallmark. Veisa. Vidarløysa. Voll. Vor. Øyr. – Tillende. Ulende.

b) *i Vatn.* – Aafar. Aal. Botn. Djupaal, -reina. Dyebotn. Egg, f. Evjebotn. Flag(?). Flaabotn, -grynpa. Gorbotn. Grunning. Grynna. Havbrun, -sbotn. Klakk. Leira. Ljosbotn. Marald. Marbakke. Mardyna. Molbakke. Molbrot, -reina. Mærrein(?). Mørbakke. Riv. Sandbotn. Skalle. Sliebotn. Svadbotn. Tangfjøra. Tarebotn, -staal. Utgrynpa. Vatsfar. Veita.

c) *Skjer.* – Bleikja(?). Bode. Drange. Fall. Fallgard. Fles. Flud. Flæda (Fløda). Havskjer. Løynbode, -fall. Riv. Ræda. Skjer, -gard. Slode(?). Stabbe. Tange. Øyrartange.

M: Brot (i Elv). Ford(?). Vad. Val. Vodul (Vaul).

4. Leite.

a) *samf.* – Augleite. Bolk. Drol. Flekk. Gjegne. Grunn. Heimrast. Kring. Leite. Mune(?). Ring. Rømd. Skeid. Stad. Stelle. Strekkja. Stroka. Støde. Svarv. Syning. Toler. Umkverv.

M: Mannheim. Storheim. Verd(i). – Himmelleite.

b) *serl.* – Aaslag, -mark, røme. Bakkelag. Bergsida, -slad. Byske.

Dal. Dalsida, -slad. Dokk. Drag. Døld. Eid. Einang. Firne? Fitjar. Fjell, -sida. Flaa (Flaan). Flott. Fly. Flæa, Flædd. Glenna. Grøde. Hall. Heid. Hjell. Hol. Hole. Holt. Hom. Innkvelv. Jamna. Kime. Kjerr. Kjerre. Kjos. Kneik. Kop. Kraa. Krike. Kval? Kvam. Kvelv (Kvæv). Kvarv. Kvisl. Køyta. Laut. Lein. Lid. Liddrag. Lo(?).

Lund. Lægd. Mel. Mo. Mork. Myr. Pall. Plita. Rabb. Rape. Ris. Rjod, Rjota. Rust. Sate. Seil. Skarv. Skog, -lid, mo, røme. Skor. Slade (Slane). Sletta. Slor. Snidberg. Snære. Stede, m. Strand. Svad. Tele. To. Tveit (Grastveit). Tverdal etc. Urd, Urddrag. Vang. Vatsdrag. Vida. Voll. Øyr.

c) mot Vatnet (Strand). – Andnes. Aafjøra. Aastede. Bale. Bard. Bradd. Elvfjøra, -stede, stød. Flodmaal. Forlende(?). Fyra. Grande. Havstrand. Hop. Kvisl. Ladberg. Landstig, -tökje. Leira. Mol. Nekk. Nes. Nesodd. Næring. Odd. Os. (Pynt). Rurberg. Skage. Snage, Snav. Stad, n. Strand. Stød. Tange. Tangrand. Utnes. Utskage. Valk(?). Vor. Øyartange. Øyrartange.

5. Høgder.

Aksl. Aabraud. Aas. Aas-egg, lag, møne. Bakke. Bale. Benk. Berg, -knatt, sida, snev. Bratta. Braut. Brekka. Brot. Brun. Egg, f. Fjell. Fjellbrun, -gard, lag, maan, rist, rygg. Fjelltele, -tind, topp. Flog, -berg, fjell. Hamar. Haug. Hause. Heid. Hjell. Hogn. Hole. Holt. Horg. Horn. Hott. Hov. Hovda, n. Hovde. Huk. Hump. Hø? Høgd (Hædd). Høgfjell, -land. Kamb, Kamp. Kjøl. Kleiv. Klepp. Klett. Klubb. Knabb. Knatt. Knaus. Knippa. Knoll, Knolte. Knut. Koll. Kult. Kuv. Lege, m. Leite. Lid. Mule. Myling. Nakk. Natt (m.). Naus. Nev. Nipa. Nobb. Nolte. Nos. Nuk. Nup. Nut. Pall. (Pynt). Rabb. Randberg. Rande. Ribbe. Rid. Rime. Rinde. Ris. Rist. Rjuv. Rolt. Rust. Rygg. Sate. Skage. Skut. Stabbe. Stall. Stapp. Støyt. Tind. Tipp. Topp. Tubba. Tuv. Tuva. Tverberg. Ufs. Ufslag. Vigga(?). Vite. Vor. Vorda (Vol).

6. Dyptre.

Aadjuv. Aal. Bauk. Bergklypa, -skora, skorta. Dal. Dalføre, -lægje, slad. Dile. Djup, -aal. Djupe, -ing. Djuv. Dokk. Dolp. Drog. Dump. Dypt. Døld (Dæld). Elvarfar. Fall. Fjellskard. Fonnstøde. For, f. Geila. Gil, n. Gjota (Gjøtt). Gloppa. Glova. Glup. Glyvra. Gløypa. Gorhol. Grofs. Grop, -a. Grov. Grubba. Grumma. Grupla. Gruva. Gryvle. Grøypa. Hellar. Hol. Hola. Holdyvle. Hyl. Ilestøde. Jokk. Jordhola. Kjos. Klove. Kluft. Klypa. Kold. Koldjup. Kop, Kopa. Kulp. Kvæla. Køyla. Laut. Lægd, Lægje. Meit. Raak. Renna. Seila (Sel?). Skard. Skor. Skora. Skorta. Slakke. Slegd. Sloka. Sløkja. Staup. Stoppa. Strupe. Stup (Fossestup). Sukka. Svekk. Søkk. Søkkja.

Søyla. Tjørnstøde. Trollgryta. Vatsdrag, -far, hola. Veita. veta. Votustøde.

Adj. – djup. djuvutt. dokkutt. flaagrunn. groputt. hyljutt. ilendt. kvavt. langgrunn. laag. løykutt. nærdjup. seilutt. sidlendt. stauputt. tverdjup.

7. Marker.

